

2023

## Tilsynsplan - opprydding i spreidd avløp



Glen Arvid Valstad

KAV - Hallingdal

01.01.2023


## 1 Innhold

1. Innleiing.....	2
2. KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning.....	2
2.1 Oppgåver.....	3
3. Avløp.....	3
3.1 Prioritering.....	4
3.2 Avløpsanlegg.....	4
3.2.1 Små avløpsanlegg kap. 12.....	6
3.2.2 Store og mellom store reinseanlegg kap. 13.....	6
3.2.3 Oljeutskiljar kap. 15.....	7
3.3 Opprydding og kartlegging.....	7
3.3.1 Spreidd avløp – Felles avløpsanlegg.....	8
3.3.2 Redusere talet på avløpsanlegg.....	8
3.4 Anleggstyper.....	9
4. Tilsyn og metode.....	9
4.1 Tilsynsmetode kap. 12.....	9
4.2 Tilsynsmetode kap. 13.....	10
4.2.1 Risikobasert kap 13.....	11
4.3 Samarbeid med slamtømmar.....	11
4.4 Tilsynsmetode kap. 15.....	11
4.5 Tilsynsmetode Plan- og Bygningsloven.....	11
5. Framdrift.....	12
6. Kommunens verkemiddel.....	12
6.1 Førehandsvarsel.....	13
7. VA-Planer i nye og eksisterande felt.....	13
8. Kostnadar og finansiering.....	14
9. Fritak frå tilsyn.....	14

## 1. Innleiing

EUs Vassrammedirektiv er implementert i norsk lovverk gjennom [forskrift om rammer for vassforvaltning](#) (vassforskrifta). Den gjer kommunane som forureiningsmynde forplikta til å kartlegge miljøtilstanden og om naudsynt sette i verk tiltak i dei lokale vassdraga for å oppnå målsetninga om minst god økologisk og kjemisk tilstand i alt vatn (innsjøar, bekkar, elvar og grunnvatn). God økologisk tilstand vil seie at innsjøen eller bekken kun har mindre endringar samanlikna med ein innsjø eller bekk som er urørd av menneskeleg påverknad, og at det økologiske samspelet i innsjøen eller bekken fungera som det skal. Opprydding i spreidd avløp er eit av dei viktigaste tiltaka som skal gjennomførast i Vassområde Hallingdal.

Forureiningsforskrifta kapittel [12](#), [13](#) og [15](#) regulerer kommunens mynde med spreidd avløp. Kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål samarbeider om tilsyn og oppfølging av avløpsanlegga. Dette felleskontoret vert kalla KAV- Kommunalt Avløpstilsyn og Vassforvaltning. Ål kommune er vertskommune. Saman med Hol, Krødsherad og Modum kommune utgjer dei Vassområdet Hallingdal.



Figur: Miljøtilstand- og miljømålklassifisering (Direktoratsgruppen vanddirektivet, 2018)

## 2. KAV – Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning

Felleskontoret for spreidd avløp vart oppretta for blant anna og kunne nå dei måla som er sett til oppfølging og opprydding av spreidd avløp. Tidlegare var det fokus på å godkjenne nye anlegg, utan å føre tilsyn eller krevje utbetring av eksisterande anlegg. Utbygging i Hallingdal har vore stor dei siste 40 åra. Gjennom samarbeid med kommunane omfatta av vertskommunesamarbeidet har me no etablert eit fagmiljø som vil sette fokus på tilsyn og opprydding med spreidd avløp.

## 2.1 Oppgåver

KAV – Hallingdal har følgjande oppgåver knytt til spreidd avløp

- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mindre enn 50 pe tilknytt og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 12
- Alle anlegg skal tilfredstilla forskrift innan 2027-2033
- Handsame søknadar om utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 15
- Handsame søknadar om løyve til å byggje avløpsanlegg etter plan og bygningslova
- Føre tilsyn med alle avløpsanlegg med mellom 50 -2000 pe tilknytt og sørgje for at desse ikkje fører til forureining og helseproblem, jf. forureiningsforskrifta kap. 13
- Gje uttale til VA-planar i reguleringsplanar.
- Rettleie anleggseigarar og søkar
- Rettleie kommunanes administrasjon
- Kartleggje forureining frå avløpsanlegg

KAV Hallingdal skal jobbe for å sikre brukarinteresser, biologisk mangfald og godt vassmiljø, samstundes med at anleggseigars investeringar gir riktig utbytte. Oppfølging av anlegg som blir bygd, setter også større fokus på at anlegg må prosjekterast og byggjast riktig. Dette gjer at kontroll/tilsyn etter PBL (plan- og bygningslova) blir gjennomført og dei ansvarlege aktørane i ei byggesak får tettare oppfølging.

## 3. Avløp

*“Det e ikkje noko gale med anlegget mitt. E va her i tre og sytti når det vart laga”*

Avløpsvatn består av organisk stoff og næringsstoffer som kan føre til eutrofiering i vassdrag dersom det ikkje vert reinsa tilstrekkeleg. Næringsstoff frå avløpsvatn kan fraktast over store avstandar når det kjem i elver og vassdrag. Ved eutrofiering skjer det ein forstyrrelse i den naturlege balansen i vassdraget, og ein får auka planteproduksjon som igjen kan føre til oksygenfattig vatn med store konsekvensar for økosystemet. I enkelte tilfelle kan ein oppleve oppblomstring av giftige cyanobakteriar som fører til at vatnet blir ubrukeleg som drikkevann og til rekreasjon.

Avløpsvatn inneheldt også bakteriar, parasittar og virus som kan føre til forureining av drikkevann og badeplassar. I områder med spreidde avløp er det ofte også private drikkevasskjelder som kan vera sårbare for forureining frå avløp.

Tilsyn med små avløpsanlegg (Kap 12) krev mykje tid og ressursar. Med over 6000 avløpsanlegg er det mykje jobb med tilsyn, tømning og oppfølging. Det er derfor eit mål å få ned talet på avløpsanlegg så dette også fram i tid er overkommeleg for kommune som forureiningsmynde. For anleggseigar er det ofte rimelegare å samarbeide med naboeigedommar med etablering, drift og vedlikehald. Mange av anlegga vert bygd på eit tidspunkt der det ikkje var fokus på reinsing av restutsleppet frå anlegga. Maskinar og utstyr er også meir effektive i dag, noko som gjer at samarbeid som var uaktuelt tidlegare i dag lar seg gjennomføre.

### 3.1 Prioritering

I område der det blir påvist moderat tilstand, eller som har negativ trend, vil det prioriterast å bli sett i gong opprydding i spreidd avløp, samt kartlegging om det kan vera forureining frå landbruk. Det er fleire område vi har lite kunnskap om den økologiske tilstanden i vatnet. Her skal dagens situasjon kartleggast både med hensyn til økologisk tilstand i resipientane, og om spredte avløpsanlegg oppfølger dagens krav. Anlegg som ikkje tilfredsstillar forskrift vil få krav om utbedring. Arbeidet med opprydding i spreidd avløp blir prioritert etter følgjande moment:

- Område med drikkevassintresser, helse og miljø
- Område der resipienten har moderat økologisk tilstand, eller negativ trend skal kartleggast og tiltak settast i verk. Jo mindre resipienten er, jo meir sårbar er den for belastning.
- Bustad/Fritidsbustad med avløpsanlegg som ikkje tilfredstillar forskrift
  - o Alder på avløpsanlegget, anlegg frå 70 og 80 talet er sjeldan godkjent i dag.
    - Synkekummar skal sanerast (betong kummar utan botn)
    - Betongkummar med kum ringar, sjeldan tett.
    - Slamavskiljar med 1 grøft – hydraulisk fungera slike anlegg, men liten reinsing
  - o Belastning på avløpsanlegget
    - Storleiken på avløpsanlegget, talet på PE tilknytt
    - [Tettbebyggelse vurdering](#) definisjon etter kap. 11
    - Underdimensjonerte anlegg – auka bruk, spesielt i hyttefelt.
  - o Dersom i nærleik av felles eller kommunalt, skal det krevjast tilkopling
- Opprydding i eksisterande hyttefelt ved fortetting
  - o Dersom avløpsanlegg er eldre enn 10 år, kan ein krevja at dei koplpar seg til felles løysing. Dette kan vera aktuelt i områda med fortetting.

Målet er at alle avløpsanlegg skal tilfredstille forskrift innan 2033. Det vil dermed i tida framover komma mange pålegg om utbetring av avløpsanlegg. Tilsyn med avløpsanlegg vil prioriterast etter forureinings- og helseserisiko.

### 3.2 Avløpsanlegg

Det er ulike krav til reinsing for dei ulike kapitela som forskrifta er delt opp i, trykk på lenkja for komme til lovverket.

Dei ulike kappittelene:

[Kap. 12 – avløpsanlegg under <50 PE \(Kommunen\)](#)

[Kap. 13 – avløpsanlegg 50-2000 PE \(Kommunen\)](#)

[Kap. 14 – avløpsanlegg >2000 PE \(Statsforvaltaren\)](#)

[Kap. 15 utslepp/påslipp av oljehaldig avløpsvatn \(Kommunen\)](#)

PE – personekvivalent er ein måte og rekne belastning på vatn og avløpsanlegg

Søknadsplikt etter gjeldande lovverk/forskrift inntreff når det anten er installert vassklosett eller innlagt vatn. Dersom ein ber vatn inn, er utsleppet så lite at det ikkje gir noko fare for forureining. Unntaket er dersom ein vel og ha vassklosett som er søknadspliktig uansett.



Det er etter gjeldande lovverk, ulovleg og forureine med mindre man har eit godkjent utsleppsløyve. Avløpsvatn er og sjå som forureining og krev løyve. Grense verdiane som er sett i forskrift er minimumskrav og kommuna kan ikkje dispensere frå dette, men kommuna kan krevja strengare tiltak dersom det er behov. Det vil likeins vera resipienten som styrer om ein kan føre avløpsvatn ut lokalt. Er det moderat tilstand vil det vera uaktuelt å godkjenne nye utslepp utan at det skjer avbøtande tiltak samstundes. Eksempel kan vera opprydding i eksisterande avløpsanlegg i området.


Det skjer ofte at ein blandar kva som er eit godkjent anlegg, og kva som er eit lovleg anlegg.

“Godkjente anlegg” er anlegg som har utsleppsløyve og tilfredstillar krav sett i forskrift. For at eit anlegg skal vera godkjent må det også vera lovleg.

“Lovlege anlegg” Eit avløpsanlegg bygd før 1972 er eit lovleg anlegg då det ikkje var søknadsplikt, men det er mest truleg ikkje godkjent, avløpsanlegg varar ikkje evig. Anlegg med utsleppsløyve er også lovlege anlegg, men tilsyn vil avdekke om dei er godkjent.

“Ukjente anlegg” er anlegg som me har lite informasjon om. Tilsyn skal gjennomførast for kartlegge tilstand. Nokon eldre anlegg kan ha blitt utbetra i seinare tid, utan at kommuna er varsla. Dette inneberer både at ein undersøker om det finnes eit gammalt løyve (papir arkiv) som ikkje er registrert digitalt, samt at ein drar og ser på anlegget.

Bruken av hytter har auka veldig dei siste åra i takt med auka standard, det er derfor no dei same krava til reinseanlegg for hytte, som for bustad hus. Dermed er mange anlegg underdimensjonert for sitt bruk.



*Kart over avløpsanlegg i Hallingdal*

### 3.2.1 Små avløpsanlegg kap. 12

Små avløpsanlegg er anlegg mellom 0-50PE, for mindre bustad/hyttfelt opp til 10 einingar. Ofte der avstandane er så store til kommunalt nett at ein har bruk for eit privat avløpsanlegg. Det er vanskeleg og forstå at eit enkelt avløpsanlegg kan forureine noko. Men med over 6000 mindre avløpsanlegg vil den samla belastninga på Hallingdalselva og mindre bekker/vassdrag bli stor.

Eit infiltrasjonsanlegg fungerer slik at næringsstoffa blir nedbrote i den oksygenrike delen av jordsmonnet, fosfor som er det andre kriteriet ein skal reinse for vil binde seg til jordsmonnet sjølv i oksygenfattig jord. Det vil si det er nedbryting av organisk materiale som er viktig med tanke på reinsegrad. I gamle avløpsanlegg der fokuset var å bli kvitt vatn og ikkje å reinse, var ofte spreidegrøfta plassert djupt eller det var etablert synkekum. Både løysingane vil ha minimalt med nedbryting av organisk materiale då det trengs oksygen for starte prosessen, bakgrunnen for plasseringa var å legge spreidegrøfta frostfritt. I dag blir infiltrasjon lagt så høgt som mogeleg i jordsmonnet med isolasjon over så det ikkje fryser. I eit minireinseanlegg har ein oppnådd reinsegraden før ein slepper vatn ut til terreng. Her vil ein kunne redusere spreiearealet med inntil ein faktor på 4. I områda med dårlege massar kan ein nytte minireinseanlegg som forbehandling av avløpsvatnet, dette er ein kostbar løysing med service og hyppig tømning, ein prøver dermed og etablere infiltrasjon om det er mogeleg.

Dersom eit avløpsanlegg blir etablert i jordmassar som er for tette, kan dette føre til oppstuvning av avløpsvatn og dermed hindre oksygen og trengje inn. For anlegg under 25pe skal det vera minst 0,5m med "tørre" massar, for anlegg over 25pe skal ein ha 1m med "tørre" massar. Før ein når grunnvatn eller fjell.

[Sanitært avløpsvann-kommentarer - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)

### 3.2.2 Store og mellom store reinseanlegg kap. 13

Det er rundt 100 [kap.13](#) anlegg i Hallingdal. Dette er anlegg med 50-2000PE tilknytt. Oppfølging og kontroll av desse anlegga er tidkrevjande arbeid. På dessa anlegga varslar KAV ofte tilsyn, da me treng ein del tilleggskommentasjon frå anleggseier samt at anlegga ofte er låst og me treng derfor tilgong. Planen er at alle anlegg skal tilfredstille forskrift innan 2027-2033. For desse anlegga er det eit overkommeleg krav då mange er bygd i nyare tid og tilfredstillar forskrift.

Store og mellom-store anlegg vil dekke mange fleire eininga enn små anlegg. Dermed vil tilsyn og kontroll av slike anlegg dekke eit mykje større utslepp enn ved enkelt anlegg. Fleire av anlegga vart etablert for mange år sida, og har behov for utbetring eller utviding for dekke dagens behov.

Då det har vore lite fokus på oppfølging av slike anlegg, ser me i tidleg fase at det er ein stor jobb og få anlegga i akseptabel drift. Det har vore fokus på service men lite fokus på drift. Dette har resultert i at mange anlegg har hatt for dårleg reinsegrad. Då kommunane ikkje har følgd opp anlegga, har det også blitt minimalt med service. Gjennom dialog med servicepersonell, eigarar og brukarane av anlegga vil dette betras, her er tilsyn ein viktig faktor for få anlegga i betre drift. Mange av avløpsanlegga kan også ha gamle løyver, etter forskrift i 2007 var det mange anlegg som fekk strengare reinsekraft. Ikkje alle anlegg er bygd for dei nye krava, men utan oppfølging og tilsyn har ikkje dette blitt avdekt.

[Avløpsvann fra mindre tettbebyggelser-kommentarer - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)

### 3.2.3 Oljeutskiljar kap. 15

Det er i dag liten oversikt over kor mange oljeskiljarar som er etablert i Hallingdal. KAV må kartlegge oljeskiljarar i alle kommunane. Då det ikkje har vore kommunal tømning av oljeskiljarar er dei ikkje lagt inn i noko system frå tidlegare. Det er delvis grunnen til at kommunane ikkje har nokon god oversikt over alle som har etablert dette dei siste åra. I tillegg vart det ikkje søknadspliktig etter forureiningsforskrifta før i 2007.

[Kap. 15](#) dekker anlegg, som har som oppgåve og halde attende olje, såperester osv. før det går til slamavskiljar eller påslipp til kommunalt nett. Følg lenke for lese meir om [tilsynsmetode](#)

[Oljeholdig avløpsvann-kommentarer - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

### 3.3 Opprydding og kartlegging

Da det i 2007 kom forskrift om avløpsanlegg (forureiningsforskrifta) skulle kommunane følge opp utsløppsløyve og tilsynsarbeide skulle vore sett i fokus. Det vart i 2019 sendt ut brev til alle kommunane nasjonalt om at det skal gjennomførast opprydding i spreidd avløp.

I 2022 er det til saman registrert over 6000 anlegg i Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal og Ål. Av desse er ca. 50% eldre enn 30 år og har i ulik grad behov for oppgradering. Det digitale arkivet går attende til 1998, informasjon før den tid er mangelfull og krava til prosjektering for avløpsanlegg var noko anna enn i dag. Det er viktig at KAV sjekkar arkivet for informasjon om anlegga og får registrert dei som er [lovlege/godkjente](#) i databasen. Stadig dukkar det opp eldre anlegg som kommunane ikkje kjende til. Dette kan være anlegg som ble bygd før det vert søknadsplikt eller anlegg som er etablert utan å søkje. Anlegg som er ulovleg etablert blir følgt opp og får krav om søkje løyve.

Som ein del av strategien for opprydding i spreidd avløp, vil me kvart år lage ein tilsynsplan for året. Planen skal vera kortfatta og klar før tilsynssesongen kjem i gong rundt mai. Kommunane sin administrasjon vil bli informert da dette fort kan føre til ein del spørsmål frå innbyggjarane/hytteigarane.

Fokus området vil alltid vera områder med moderat resipient, men utbygging av kommunalt nett kan også vera utgangspunkt for tilsyn i områder som ligger til rette for tilkopling. Når det blir gjennomført kartlegging av avløpsanlegg, vil det bli skrevet rapport for anlegg som krevjar utbetring. Me har mange anlegg som ikkje tilfredsstillar dagens krav, men som ligger langt nede på prioritering for utskifting, grunna talet på avløpsanlegg. Når det blir fatta vedtak om utbetring etter tilsyn vil det bli skrevet rapport.

Det er dei anlegga som forureinar mest som må prioriterast. Her vil databasen vår bli oppdatert og når me kjem langt nok i oppryddingsarbeidet vil dei også få krav om utbetring, og ny dialog med rapport kommer på seinare tidspunkt.



### 3.3.1 Spreidd avløp – Felles avløpsanlegg

I Hallingdal ønskjer me som ein del av strategien for opprydding, å etablere mest mogeleg felles avløpsløyser. Dersom det kjem kommunal eller felles avløpsløyser vil deler av stikkleidningsnett allereie vera utbygd. Det må derfor gjerast ein individuell vurdering i kvar sak, men det vil alltid forsøkast å finne ein felles løysning.

Det er rimelegare for anleggseigar og drifte anlegga når fleire deler dei samla kostnadane. Ein får også tryggare drikkevatt i område der ein kan samle utsleppet på ein plass nedstraums i staden for ha det spreidd over eit område. Dette vil sikre grunnvassmagasina i området og dermed drikkevasskjeldene.

Private avløpsløyser har vore svært rimeleg i mange år, dette fordi mange einast tenkte på kommunale gebyr, og ikkje sett av midlar for drift og vedlikehald. Det vil derfor no når det kjem krav om utskifting av avløpsanlegg koma som ein stor kostnad for mange. Eit privat avløpsanlegg lever ikkje evig, ein skulle dermed ha lagt rehabilitering av avløpsanlegg inn som ein kostnad på lik linje med andre vedlikehaldspunkt for ein bustad eller hytte. Slamtømming som kommuna gjennomfører er berre ein liten del av det og eige eit avløpsanlegg. Er ein kopla til det offentlege avløpsnett er den årlege kostnaden høgare, men ein betalar fram i tid for drift og vedlikehald.

### 3.3.2 Redusere talet på avløpsanlegg

Eit mål med opprydding i spreidd avløp, er å få ned talet på avløpsanlegg. Dette kan gjerast på fleire måtar.

- Der det er praktisk mogeleg skal anlegg innanfor rimeleg kostnad, koplatt til kommunalt avløpsnett eller felles avløpsanlegg. Kostnadsgrensa for å kunne krevja tilkopling til kommunalt eller felles avløp vil vera ei vurdering i kvert enkelt tilfelle. Infiltrasjonsanlegg for bustadar har normalt levetid på 25-30 år, mens ein stikkleidning bør ha levetid på 100 år. Dermed kan ein legge større kostnad i å kople seg til det kommunale nettet, enn å måtte rehabiliter eit privat anlegg.
- I områda langt frå kommunalt nett, skal det, der det er praktisk mogeleg, etablerast felles avløpsanlegg. Driftsutgifta aukar heller ikkje vesentleg mykje når fleir samarbeider. Dersom det på sikt kjem kommunalt eller felles avløpsanleggi nærleiken vil også ein del av infrastrukturen vera på plass.
- I nye VA-planar vil det ikkje bli lagt opp til separate avløpsanlegg, her skal det under opparbeiding av infrastruktur leggest opp til felles vass og avløpsanlegg. VA-plan skal inn på eit tidlegare stadium for sikre at eit område kan byggjast ut. Ein må også i nye områdar gjera ein vurdering etter vassforskrifta. Dette for sikre at miljømåla for området blir ivareteke.
- I område der det skjer fortetting, skal det i ny VA-plan kartleggast både eksisterande utslepp, samt belastninga frå eventuelt utviding. I område der det er mykje gamle løysingar, kan opprydding i eksisterande løysingar vera med på å halde den totale belastninga frå området nede.

### 3.4 Anleggstyper

Det kjem stadig nye løysingar for reinsing av avløpsvatn. Forureiningslova legg opptil at det til ei kvar tid skal nyttast best tilgjengeleg teknologi. Med gode grunnforhold og mykje morenemassar, er naturen sjølv ofte den beste tilgjengeleg teknologien i Hallingdal. Infiltrasjonsanlegg som nyttar jordmassane, er robuste anlegg som krev minimalt med drift og vedlikehald. Det er ein rimeleg løysing på lang sikt.

#### **Prioritert rekkefølge for type anlegg som kan nyttast:**

- [Infiltrasjon](#)
- [Infiltrasjon med biologisk forbehandling](#)
- [Minireinseanlegg – krav til etterpolering / slamavskiljar for slamflukt for felles anlegg](#)
- [Kjelde separerande avløpsløysing kan godkjennast som ei mellombels løysing \(tett tank og gråvassanlegg\)](#)

I nokon områda vil det ikkje vera mogeleg og etablere avløpsløysing, for eksempel i områda med tette massar, nærleik til drikkevasskjelder eller høgt grunnvassnivå.

## 4. Tilsyn og metode

### **Tilsyn= kontroll + reaksjon.**

Tilsyn kan gjennomførast både i plan, bygge eller driftsfasen. KAV gjennomfører tilsyn for å undersøke om avløpsanlegga tilfredstiller dagens krav til reinsing. I tillegg kan ein avdekke om avløpsanlegga er heile og utan synlege skader. Under KAV sitt område ligger det ca. 6000 avløpsanlegg som det skal føres tilsyn med.

Når KAV gjer kartlegging eller tilsyn og det skulle være feil med anlegget vil det koma ein tilsynsrapport frå kontoret. Slamtømmar gjennomfører også eit forenkla tilsyn, dersom dei sender inn merknadar til kommunen på eit anlegg etter tømning, vil KAV følge opp dette. Ved feil som er mindre å utbetre som lause lokk/ øydelagde lokk vil det bli sendt ut brev om at dette må utbetrast snarast grunna sikkerheit for omgivnad. Ved større feil og manglar vil det vera eit [førehandsvarsel](#) med krav om utbetring, basert på tilsyn/merknad.

Målet med tilsynet er å sørge for at avløpsanlegga ikkje fører til uakseptabel forureining- og helseisiko, samt at krava i utsleppsløyvet vert tilfredsstillt. Opprydding i spreidd avløp er eit tiltak som Miljødirektoratet har sett i gong for nå måla i vassdirektivet.

Det vil vera ulike metodar for å gjennomføre tilsyn/kontroll av avløpsanlegg for dei ulike anlegga. Under kjem ein utgreiing for korleis dette er tenkt gjennomført.

#### 4.1 Tilsynsmetode kap. 12

Tilsyn for anlegg (Kap 12) vert gjort på fleire måtar. Både ved forenkla tilsyn, dokumenttilsyn, kartlegging i felt, søk i arkiv for oppdatering av grunnlaget eller meir grundige tilsyn der ein er usikker på reinsegrad for eksempel ved minireinseanlegg med prøvetaking. Desse tilsyna kan gjerast både uvarsla og varsla. Då me er i gong med opprydding i spreidd avløp, vil det vera ein del anlegg som får krav om utbetring basert på alder og type som openbart ikkje tilfredstillar forskrift.

- Kontroll av anlegget sin tekniske tilstand ved tømning. Dette skal gjerast av slamtømmer med bildedokumentasjon og kommentar som vert over sendt KAV i Komtek.
- Gjennomgang av arkiv, journalar og registreringar
  - Vurdere tømmefrekvens
  - Størrelse på anlegg samt alder
  - Finne løyver og tidlegare prosjektering
- Inspeksjon/synfaring inkl. Prøvetaking
  - Lukt
  - Oppslag
  - Plantevekst
  - Direkteutslepp
  - Nivå
- Kontroll av service-/årsrapportar
- Kontroll av prosjektering og utførande i byggjesak

#### 4.2 Tilsynsmetode kap. 13

Tilsyn med kap. 13 er omfattande og kan gå over lenger tid, her vil tilsynet bli fakturert etter medgått tid. Det er vanskeleg og si noko om varigheten på tilsynet så ein fast kostnad vil ikkje bli riktig jf. Sjølvkost. Tilsynet vil basere seg som for kap. 12 i områda med moderat resipient. Her vil også storleik på anlegget ([PE](#)) og alder vera viktige moment. Under kjem det nokon punkt for korleis dette blir gjennomført. Alle avløpsanlegg i kap. 13 har krav til og ta 6-12 prøvar i året for dokumentere og kontrollere reinsegraden, basert på innsendt rapport til kommuna, som skal vera inne innan 01. Februar vil me få bakgrunnsdata for kva for anlegg som skal følgjast opp.

- Kontroll av års- og servicereportar. Følgje opp kven som ikkje sender inn årsrapport.
- Fysiske tilsyn med reinseanlegg
  - Gjennom tilsynsarbeidet skal me besøke reinseanlegga. Det krevjar ein del ressursar for oppfølging.
  - Risikobasert vurdering, dette gjennom årsrapportar og resipient overvaking legge grunnlaget for kven anlegg som følgjast opp.
  - Anlegg knytt til fritidsbebyggelse vil ha stor sesong variasjon og tilsynet prioriterast der etter.
- Dokumenttilsyn
  - Kontroll av løyvet og vilkår i løyvet, gjera ein vurdering om det tilfredstillar dagens krav, løyver gjeve før 2007 er fortsatt gyldige.
  - Internkontroll
  - Bygd som prosjektert – Tilsyn etter PBL og forureiningsforskrifta
  - Prøvetaking – kontroll av rapport frå service personell
  - Slamtømming

#### 4.2.1 Risikobasert kap 13

Kap 13 utgjør stor risiko pga. konsekvensen for forureining. Disse anlegga har ofte stor belastning. Det er etablert mange anlegg før 2007 og dersom anlegga tilfredstillar krava sett i forskrift er dei fortsatt [godkjente](#). Anlegg som er underdimensjonert eller grunna alder ikkje lenger reinsar godt nok, vil dei få krav om og søkje nytt utsleppsløyve innan 2027, med krav om utbetring innan 2033. Fleire av anlegga vil ha krav til rehabilitering/oppgradering for kunne tilfredstille krava.

#### 4.3 Samarbeid med slamtømmar

For avløpsanlegg i kap. [12 og 13](#) vil tett samarbeid med slamtømme-entreprenør vera viktig. På denne måten kan me gjennomføre tilsynsarbeidet meir effektivt. Slamtømmar skal ved tømning ta bilde av alle anlegg, dette gjev oss mykje data om anlegget og tilstand, og det blir enklare å prioritere tilsyn i etterkant. Slamtømmar utførar også eit forenkla tilsyn når dei tømmer avløpsanlegg. Dette er styrt gjennom anbudskontrakt og KAV følgjer opp dette arbeidet.

#### 4.4 Tilsynsmetode kap. 15

Alle oljeskiljarar skal kontrollerast ved tømning av tømmefirma og rapport sendast til den respektive kommune, det blir oppretta ein sak i kvar kommune i sak/arkiv systemet der rapportane blir lagra. Etter at KAV har skaffa seg oversikt med alle oljeskiljarar må det etablerast rutine for kontroll av årsrapportar.

Løyve til utslepp av oljeholdig vatn har ikkje vært ei prioritert oppgåve i Hallingdals kommunane og kan ha falt litt mellom etatane, det er også mange som blei etablert før forureiningsforskrifta vart gjeldande.

Når det kjem til [kap. 15](#) skal det utarbeidast ein oversikt over alle som har eller har krav om oljeutskiljar. Dei som har krav om oljeutskiljar men ikkje har dette etablert enda, skal få pålegg om og etablere dette. Her vil det gjennom forskrift og opprydding bli sett krav til prøvetaking og oppfølging frå slamtømmar, dei vil med bakgrunn i tømning analysere utsleppsvatn frå anlegget og sende dette inn til kommuna. Dersom prøvene visar for høge verdier vil KAV følgje dette opp. Dette skal i tillegg lagrast i internsystemet til firma, ved seinare tilsyn.

Når alle anlegg er kartlagt og har løyve, har dei krav om årleg rapport som skal inn til kommuna innan 1. februar. Med bakgrunn i denne rapporten vil me kunne plukke ut enkelt anlegg for tilsyn, eller følgje opp anlegg som har for høge verdier. I dag, grunna dårleg kartlegging av oljeutskiljar er det svært mangelfull rapportering. Det betyr ikkje at anlegga ikkje fungera eller har service, men kommunane får ikkje dette inn.

#### 4.5 Tilsynsmetode Plan- og Bygningsloven

Tilsyn etter plan- og bygningslova (PBL) har ikkje vore prioritert godt nok opp igjennom åra. Dersom det er utført kontroll etter PBL har dette vore i form av dokumenttilsyn med kompetansen til dei som erklæra ansvarsrett. Fysiske tilsyn etter PBL har ikkje vore gjennomført på avløpsanlegg.

Tilsyn med avløpsanlegg før, under og etter bygging skal prioriterast. Dette for og sikre at anlegg som er godkjent etter gjeldande lovverk også blir bygd i tråd med prosjektering. Eit av krava som no blir sett til bygging av avløpsanlegg er bildedokumentasjon. Dette skal inn før

ferdigattest blir gjeve. Dersom det ikkje er med bilde frå anlegget, blir ikkje ferdigattest gjeve før kommunens saksbehandlar har vore ute og dokumentert anlegget eller at utførande kan legge ved dokumentasjon. Dette vil også sikre at anleggseigar får det dei har betalt for.

Me skal også framover ha tilsyn med utførande under bygging av avløpsanlegg, dette vil bli utført blant anna som fysisk tilsyn på byggeplass, samt bilde dokumentasjon av bygging. Gjennom dialog med entreprenør avtalar me tidspunkt, dette grunna at det er vanskeleg og vite når eit anlegg blir bygd. Frå eit byggeløyve er gjeve kan det gå inntil 3 år før tiltaket blir sett i gong.

Overtredelsesgebyr jf. Byggesaksforskrifta er eit middel kommunane kan nytte dersom det til stadigheit visar seg vera feil anten i byggesak, eller utføring av eit avløpsanlegg. Tiltakshavar kan også ilegges eit slikt gebyr, dersom det visar seg vera utført arbeid som ikkje er søkt om.

## 5. Framdrift

Miljødirektoratet har sett krav om at alle avløpsanlegg i kommunane skal tilfredstille forskrift innan 2027, men seinast innan 2033. Me jobbar dermed mot eit mål om å nå dette. Når me har meir enn 6000 anlegg i kommunane som er ein del av vertskommune samarbeidet, er jobben omfattande. Me må dermed sjå dette over ein lenger tidsperiode enn ønska, men at det og nå miljømåla for resipientar skal vera fokuset. Kommuna kan sette inn nok resursar, men det hjelper ikkje når det ikkje er nok utførande i bransjen. Det er dermed viktig og prioritere rett for og nå målet innan rimeleg tid.

Kap. 13 omfattar mange einingar, og utgjer utan tvil den største risikoen for vassdraga, her ligger også ofte utsleppet tett på ein resipient for sikre og bli kvitt vatn hydraulisk. Kap. 13 for hyttefelt er ofte bygd i nyare tid, å få god drift på reinseanlegga vil vera i fokus då mange av anlegga har potensial bare dei blir drifta rett. I dag er det lite drift på private reinseanlegg.

I Hallingdal er det mange gode vassførekomstar, men ikkje alle oppnår miljømålet. Meir prøvetaking av innsjøar og vassdrag vil vera til stor hjelp for kartlegge kor me må legge inn ressursar.

Når det blir gjeve pålegg, vil det normalt bli gjeve frist for utbetring innan to barmarkssesongar. Dersom det er gode grunnar for få utsetting, vil det vera mogeleg og få utsett frist dersom ein kan vise til ein framdriftsplan for arbeidet som er realistisk.

## 6. Kommunens verkemiddel

Kommuna har ulike verkemiddel gjennom lovverket for nå måla som er sett. Under følger nokon av verkemidla.

- [§7](#), plikt til unngå forureining i forureiningslova. Normalt nytta ved avløpsanlegg som ikkje har løyve, eller der det er påvist forureining frå avløpsanlegg før forureiningsforskrifta kom i 2007.
- [§18](#) omgjøring eller endring av tillatelse, i forureiningslova
- For anlegg etter 2007, vil [forureiningsforskrifta](#) vera gjeldande.
- [Lokal forskrift for tvungen kommunal tømning](#). Lik i alle kommunar, lenke visar til vertskommuna si forskrift.
- [Forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg](#). Lik i alle kommunar, lenke visar til vertskommuna si forskrift.



- Måla sett i tilsynsplan vil vera førande for arbeidet.
- Kommuna kan krevja bustad-eigedommar knytt til offentlig nett med heimel i plan- og bygningslovas §§ [27-1](#) Vatn, [27-2](#) Avløp og [27-3](#) tilknytting til eksisterende private anlegg.
- Gjennom rekkefølgjekrav i reguleringsplanar krevja fritidsbustadar knytt til felles VA-anlegg
- [Overtredelsesgebyr etter PBL](#) – normalt gjeve dersom det er utført eller latt utføre arbeid i strid med krav sett i PBL
- Tvangsmulkt etter [forureiningslova](#) samt PBL, dersom ein ikkje gjennomføre pålegg gjeve frå mynde. Dette vil normalt sett skje etter fleire år med forsøk om og komme i mål med tiltaket og blir sett på som siste løysing.

Som nemnt er siste løysing for komme i mål med utbetring av avløpsanlegg [tvangsmulkt](#), dette er eit midel mynde kan nytte seg av for få gjennomført tiltak. Varsel om bruk av tvangsmulkt skal sendast ut i god tid før det blir aktuelt og nytte mulkt, mulkta blir også normalt gjeve som dagsmulkt eller eingongsmulkt, her vil satsane variere utifrå kven og kva det gjelder. Normalt frå 200-2000kr, dagen eller som eingongs sum. Dei høgaste summane vil kun gjelde for store reinseanlegg der konsekvensen er stor og mange som nyttar anlegget. Det skal gjevast god tid for gjennomføring av tiltak, normalt ein barmarksesong i tillegg til den fristen som allereie er gjeve. Tvangsmulkt er siste løysing når eigar ikkje gjennomføra tiltak.

### 6.1 Førehandsvarsel

For alle enkelt vedtak gjelder forvaltningslova. [§16](#) i lova krevjar at alle som får vedtak retta mot seg, skal førehandsvarslas. Den som får eit førehandsvarsel har 3 veker etter at brevet er motteken til og koma med merknadar, med bakgrunn i eventuelle merknadar vil me vurdere og fatte vedtak. Er det merknadar som har betydning for korleis eit vedtak blir utforma blir dette informert om i saksopplysningar til vedtaket. Dersom opplysningar inn synar at det ikkje er behov for fatte vedtak, vil me svare dette ut skrifteleg.

Det er likeins i tilfelle der det er påvist akutt forureining, eller andre forhold der det ikkje er hensiktsmessig med førehandsvarsel, moglegheit for unnlata dette.

## 7. VA-Planer i nye og eksisterande felt

Når det kjem til VA-planer så har kor enkelt etat sitt ansvar for at krava sett i vassforskrifta blir følgt. Dersom ein resipient har moderat, eller negativ trend vil ikkje vidare utvikling kunne skje og dette skal avklarast i plan samanheng. Ein skal då prioritere avbøtande tiltak for nå miljømålet, ved fortetting kan opprydding i spreidd avløp vera eit tiltak for få utsleppsløyve for ny bebyggelse. Kartlegging av resipientar må dermed vera ein del av planarbeidet ved tidleg fase, og plan ansvarleg i kvar kommune må ha med dette i sitt arbeid. Her kan KAV vera ein støttespelar ved oppstartsmøte for sikre at dette blir ivareteke under planarbeidet. Dersom ein plan blir vedteke og det visar seg i etterkant at det ikkje er mogleg og utvikle område, vil detta vera svært uheldig for tiltakshavar og kommuna.

## 8. Kostnader og finansiering

Kontoret jobbar etter sjølvkost og er gebyr finansiert jf. [lokal forskrift om gebyr for saksbehandling og kontroll med avløpsanlegg](#), som er vedteken politisk i kvar kommune. Gjennom årleg tilsynsgebyr vil tilsynsarbeidet bli finansiert, dette er ein kostnad private avløpsanlegg får. Tilsynsgebyret vil følgje sjølvkost og blir regulert etter kostnadane me har ved kontoret. Dette blir synleggjort i årsrapporten som blir publisert på heimesida kvart år. Alle vil i tida framover få tilsyn med sitt avløpsanlegg. Det er også meir arbeid enn det fysiske tilsynet, som ville vore vanskeleg og fakturert ut på anna måte.

Private avløpsanlegg er den enkelte huseigar sitt eige ansvar, og kommuna er mynde som skal følgje dette opp. Det betyr at alle kostnadane ved tilsyn, oppfølging, rehabilitering eller etablering av avløpsanlegg, må takast av hus/hytte-eigar. Det er pr. dags dato ikkje noko offentlege støtteordning for rehabilitering av avløpsanlegg. Loven er lagt opp til at det er forureinar som skal betale.

## 9. Fritak frå tilsyn

Alle bustadar/fritidsbustadar med avløpsanlegg omfattast av tvungen kommunal tømmeordning og tilsyn, det kan gjennom skrifteleg søknad bli fritaken for tømning. Dersom søknad blir innvilga for fritak av tømning, vil også fritaket gjelde tilsynsgebyret. Forutsetningar for fritaket er normalt at vatn i bustad blir stengd/plombert jf. Forskrift om tømning av avløpsanlegg som alle kommunane har vedteke.